

## Høyringsvar frå Noregs Mållag – framlegg til reglar om eksamensoppgåver på nynorsk og bokmål i ny universitets- og høgskuleforskrift

Vi viser til høyringsbrev 19. mars 2024 og høyringsnotat dagsett 15. mars 2024, som mellom anna tek føre seg framlegg til ei ny forskrift til den nye universitets- og høgskulelova. Kapittel 5 i framlegget til ny forskrift har tittelen «Skriftspråk ved eksamen» og er meint å utfylle § 11-5 i lova.

Noregs Mållag har særleg merkt seg formuleringa i høyringsbrevet om at «språkorganisasjonene bes særleg om å se på forslaget til universitets- og høyskoleforskriften §§ 5-1 til 5-3 om skriftspråk ved eksamen». Det gjev oss ei forventning om at språkpolitiske omsyn vil vege tungt i den vidare sakshandsaminga.

### Overordna om innhaldet i framlegget

Noregs Mållag er samd med Kunnskapsdepartementet i at reglane som blir føreslått i den nye forskrifta, i all hovudsak er vidareføring av eksisterande reglar. Vi er heller ikkje usamde i det materielle innhaldet i reglane som er føreslått, jamvel om vi har somme merknader til dei som ikkje går på dei mest vesentlege delane av innhaldet.

På side 8 i høyringsnotatet er det gjort greie for at studentar i den nye universitets- og høgskulelova § 11-5 har fått ein individuell rett til eksamen på eige skriftspråk, nynorsk eller bokmål, som gjeld både statlege og private lærestader. Denne regelen er ei viktig nyvinning og eit stort framsteg som regjeringa fortener mykje heider for.

Ettersom plikta for statlege universitet og høgskular til å gje studentar eksamensoppgåver på nynorsk eller bokmål etter deira val alt er regulert gjennom språklova og enno gjeldande forskrifter gjevne i medhald av den tidlegare mållova, er det på side 8 i høyringsnotatet vist til at både Kunnskapsdepartementet og Kultur- og likestillingsdepartementet har vore opptekne av å unngå dobbeltregulering. Noregs Mållag har ikkje problem med å vere samd med det i utgangspunktet, men vi vil like fullt peike på at for oss veg dei språkpolitiske omsyna langt tyngre enn dei regelverkstekniske.

Noregs Mållag har heller ikkje problem med å sjå at det i utgangspunktet ikkje er unaturleg at plikta for lærestader til å gje eksamensoppgåver på nynorsk og bokmål er regulert i universitets- og høgskulelova og tilhøyrande forskrift. Men samstundes vil vi peike på at det ikkje er noko meir unaturleg med ei regulering i språklova og tilhøyrande forskrift heller, iallfall så langt det gjeld for statlege universitet og høgskular. Reglane om eksamensoppgåver på nynorsk og bokmål spring ut av den tidlegare mållova som regulerte dei pliktene som statsorgan – medrekna statlege universitet og høgskular – hadde til å nytte nynorsk og bokmål i ulike samanhengar. I 1987 vart det med utgangspunkt i mållova fastsett ei forskrift om målform i eksamensoppgåver, og forskrifta frå 1987 er inntil vidare vidareført med heimel i den noverande språklova.

Det grunnleggjande utgangspunktet for Noregs Mållag er at reglane om eksamensoppgåver på nynorsk og bokmål er *språkpolitisk grunngevene*. I praksis er dei reglar som skal sikre *at studentar får eksamensoppgåver på nynorsk dersom dei ønskjer det*. Desse reglane er eit handfast uttrykk for den formelle jamstillinga mellom nynorsk og bokmål. Dei kan i praksis seiast å vere uttrykk for det same prinsippet som gjer at språklova § 15 inneheld reglar om at private rettssubjekt skal få svar på same

norske skriftspråk som dei sjølve har nytta til statsorgan og fylkeskommunar. Sjølve grunngevinga for eksamensoppgåvereglane er altså språkpolitisk, og ikkje universitets- og høgskulepolitisk.

Nettopp difor er Noregs Mållag samd med skildringa Kunnskapsdepartementet gjev på side 8 og 9 i høyringsnotatet om at reglane har si grunngeving i å sikre nynorsk eit større rom på universitet og høgskular.

### Bør reglane om skriftspråk i eksamensoppgåver liggje under Kunnskapsdepartementet eller Kultur- og likestillingsdepartementet?

Eit sentralt spørsmål for Noregs Mållag er om det er Kunnskapsdepartementet eller Kultur- og likestillingsdepartementet som er det rette departementet til å forvalte reglane om skriftspråk i eksamensoppgåver. Dette er i praksis også eit spørsmål om kva rolle Språkrådet, statens forvaltningsorgan i språkspørsmål, bør ha i forvaltninga av desse reglane; og dessutan eit spørsmål om kva funksjon språklova bør ha i denne forvaltninga.

I høyringsnotatet argumenterer Kunnskapsdepartementet på side 9 for at det er grunn til å tru at universiteta og høgskulane vil bli betre til å etterleve reglane om skriftspråk i eksamensoppgåver dersom internkontrollsystema ved lærestadene «svarer til regelverket i egen sektor», og dersom reglane er plasserte i forskrift til universitets- og høgskulelova – ved at studentane og lærestadene har alle reglane plassert samla i det same regelverket.

Kunnskapsdepartementet viser vidare til at Språkrådet etter språklova § 19 fjerde ledd i dag har heimel til å rettleie offentlege organ om reglane i språklova, men at «[d]ersom forskrift om skriftspråk på eksamen ikkje videreføres i språklovregelverket, vil ikke Språkrådet kunne rettlede institusjonene ved å vise til konkrete regler i språkforskriftene» – nettopp fordi reglane i så fall er overførte til forskrift til universitets- og høgskulelova. Kunnskapsdepartementet «understreker» likevel at

«sektoren vil være omfattet av språkloven § 1, som pålegger et sektorspesifikt ansvar for å sikre norsk språk. Oppfølging av universitets- og høyskoleloven med forskrifter vil falle inn under Språkrådets hjemmel i språkloven § 19 til å rettlede universiteter og høyskoler om deres sektoransvar etter § 1. Dersom regelverket blir plassert i universitets- og høyskoleforskriften, blir det mulig å kombinere virkemidler i den sektorovergripende språkloven og i særlovgivningen for å få til en bedre etterlevelse av regelverket».

Det er her Noregs Mållag meiner at noko språkpolitisk svært viktig vil gå tapt. Som nemnt over, har Språkrådet i dag direkte heimel etter språklova § 19 til å rettleie kvar enkelt statlege lærestad om korleis reglar som er gjevne i eller i medhald av språklova, skal forståast. I Prop. 108 L (2019–2020) på side 157, i særmerknaden til § 19, står det at «Språkrådet har heimel til, på eige initiativ eller på førespurnad frå organet å gje råd og informasjon om korleis reglane i lova bør følgjast opp i praksis». Dette må forståast slik at Språkrådet med språklova i hand på eige initiativ kan gje *konkrete råd om konkrete reglar i konkrete saker*, og ikkje berre måtte nøye seg med å rettleie statlege universitet og høgskular «om deres sektoransvar etter § 1». Med andre ord vil Språkrådet bli meir tannlaust i saker som gjeld reglane om skriftspråk på eksamen, jamført med i dag. Dette meiner Noregs Mållag er uheldig.

Noregs Mållag meiner som eit utgangspunkt at det er uheldig at ansvaret for å gje og følgje opp reglar som heilt klart har eit språkpolitisk føremål, og som historisk sett spring ut av reglane i den tidlegare mållova, skal bli overførte frå det departementet som har det overordna ansvaret for språkpolitikken, altså Kultur- og likestillingsdepartementet, til Kunnskapsdepartementet. Det største problemet etter

vårt syn er likevel i praksis at Språkrådets høve til å følgje opp reglane overfor statlege universitet og høgskular blir liggjande på eit langt meir overordna og abstrakt nivå enn i dag. Noregs Mållag meiner uansett at det er naudsynt at Språkrådet ved behov må ha heimel til å gå inn i konkrete saker for å gje konkrete råd om reglane.

For Noregs Mållag er det difor ein føresetnad for at reglane om skriftspråk i eksamensoppgåver skal kunne overførast til universitets- og høgskulelova med forskrift og til Kunnskapsdepartementet, at Språkrådet si rolle ikkje blir svekt. Vi meiner at Språkrådet må få ei lovfesta rolle ved at eit rettleiings- og tilsynsansvar for Språkrådet anten blir føydd til universitets- og høgskulelova § 11-5, eller ved at det blir teke inn i språklova § 19 at Språkrådets rettleiings- og tilsynsansvar òg omfattar universitets- og høgskulelova § 11-5 og reglar gjevne i forskrift med heimel i § 11-5. Ideelt sett meiner Noregs Mållag at Språkrådet her bør ha eit tilsyns- og rettleiingsansvar som omfattar både statlege og private universitet og høgskular. Men under alle omstende meiner vi at eit slikt ansvar må slåast fast overfor dei statlege universiteta og høgskulane.

### Språkorganisasjonar sin rett til å peike på feil etter språklova § 18

Noregs Mållag ønskjer også å peike på at det på side 9 i høyringsnotatet blir uttrykt at «at språkorganisasjonenes rett etter språkloven § 18 til å påpeke overfor statsorgan at de ikke følger språkloven uansett ikke vil gjelde direkte for saker om språk i eksamensoppgaver, da § 18 bare viser til reglene i §§ 14 og 15», men at det samstundes er «fritt fram for enhver å påpeke feil som forvaltningen gjør, og på generelt grunnlag vil språkorganisasjoner og andre når som helst kunne påpeke feil som ikke direkte rammer dem selv, slik Klageportalen til Norsk Målungdom er et system for». Her er det også på sin plass å nemne at etter mållova § 9 kunne språkorganisasjonar «klage til overordna organ dersom dei meiner at statsorgan bryt lov eller føreseigner om målbruk». Dimed har dei lovfesta verkemidla til språkorganisasjonane allereie vorte svekte ein gong. Tidlegare kunne til dømes Norsk Målungdom levere formelle klager i eige namn.

Noregs Mållag har grunn til å tru at det ikkje har vore tilsikta frå Kultur- og likestillingsdepartementet si side at saker om språk i eksamensoppgåver skulle haldast utanfor denne lovfesta påpeikingsretten. Desse sakene gjeld jo nettopp både bruk av «Parallell bruk av bokmål og nynorsk hos statsorgan» og «Bruk av bokmål og nynorsk til private rettssubjekt ...», jf. titlane til språklova §§ 14 og 15. Vi reknar det som truleg at utegløyminga kan henge saman med at eksamensoppgåver ikkje var nemnde direkte i mållova, men først kom inn gjennom forskriftene til mållova, og at dette vart med vidare inn i språklova.

Noregs Mållag er heller ikkje usamd i at alle har ein rett til å peike på feil frå forvaltninga som direkte rårar dei sjølve. Det særlege poenget med den lovfesta påpeikingsretten i språklova § 18 kjem likevel fram i Prop. 108 L (2019–2020) på side 157, i særmerknaden til § 18: «I føresegna ligg det ei forventning om at statsorgan og dei overordna organa tek slike førespurnader på alvor og gjev dei ei reell saksbehandling.» Det ligg altså *ei klar forventning frå lovgjevarhald* om at slike saker skal handsamast grundig og samvitsfullt, jamvel om dei ikkje er klagesaker i formell forstand. I røynda meiner Noregs Mållag at det ei slik forventning òg må gjelde eksamenssaker i dag, ettersom også dei i praksis er saker som gjeld den plikta statsorgan har til både å nytte nynorsk og bokmål parallelt, og til å la enkeltpersonar møte sitt eige skriftspråk i eit dokument frå eit statsorgan.

### Konkrete merknader til dei føreslåtte reglane

#### Merknader til § 5-1

Når det gjeld omtalen av faget «norsk», viser vi merknadene vi hadde om dette i høyringssvaret vi sende til Kultur- og likestillingsdepartementet 1. oktober 2022 i samband med framlegg til forskrift til språklova.

Vi meiner det er på sin plass å nemne at også kvalifiseringsoppgåver som studentar må gjennomføre for å få gå opp til eksamen, *bør* gjevast på nynorsk eller bokmål til studentar som ønskjer det. Vi ser at lovheimlane i både universitets- og høgskulelova og språkklova berre nemner *eksamensoppgåver*. Vi meiner like fullt at Kunnskapsdepartementet i styringsdokument retta mot sektoren bør gje uttrykk for ei forventning eller oppmoding om å gje kvalifiseringsoppgåver til studentar på det norske skriftspråket dei ønskjer.

### Merknader til § 5-2

I framlegget til § 5-2 første ledd er vi samde i at det bør vere unntak for kravet til eksamensoppgåver på både nynorsk og bokmål når målet med den aktuelle eksamenen er å prøve ferdigheiter i anten nynorsk eller bokmål. Det kan godt tenkjast, til dømes på lærarutdanningar, at det på visse eksamenar er obligatorisk for alle kandidatene å skrive eksamenssvaret på anten nynorsk eller bokmål. I slike tilfelle opplagt at eksamensoppgåva berre bør gjevast på det same skriftspråket.

Vi meiner likevel at formuleringa «fagspesifikke ferdigheter i nynorsk og bokmål i utdanningene» verkar noko pussig. Vi spør oss om det ikkje er tilstrekkeleg med ei formulering nokolunde som dette: « ... når det er obligatorisk for alle eksamenskandidatene å besvare eksamensoppgaven på enten bokmål eller nynorsk.» Eit slikt unntak høyrer etter vår vurdering heime i 5-1 andre ledd, og det bør heller ikkje vere naudsynt for universitetet eller høgskulen å gjere vedtak unntak frå hovudregelen i slike tilfelle.

Til § 5-2 andre ledd vil vi understreke at vi står bak at «særlige grunner» for å gjere unntak må forståast som ein høg terskel. Vi stiller oss bak vurderinga om at det berre kan vere «ekstraordinære situasjoner som lærestedet ikke selv har kontroll over», som kan grunngje unntak frå plikta til å gje eksamensoppgåver på både nynorsk og bokmål. Vi er godt nøgde med at Kunnskapsdepartementet på side 11 i høyringsnotatet også slår fast at «[m]anglende kunnskaper i bokmål og nynorsk» hos lærestaden ikkje utgjer ein «særlig grunn». . Det er viktig at denne høge terskelen blir godt formidla ut i sektoren.

Til § 5-2 tredje ledd vil Noregs Mållag peike på at vi er samde i at det er viktig at eventuelle vedtak om unntak frå at eksamensoppgvåer skal gjevast på både nynorsk og bokmål, blir gjorde i god tid, slik at dei studentane det gjeld, får ei reell moglegheit til å klage, og slik at det blir tid til å gjere klagehandsaminga ferdig før eksamenen skal haldast.

Vi meiner likevel at fristen på tre månader kanskje er for lang når ein ser på dei praktiske omstenda rundt eksamensavviklinga på universitet og høgskular. Etter det vi kjenner til, er det vanleg at oppmeldingsfristen er 1. februar i vårsemesteret og 1. september i haustsemesteret. Tre månader etter fristen vil ein i så fall vere komen til 1. mai eller 1. desember. Forskrifta vil dermed i mange tilfelle påleggje lærestadene å gjere slike vedtak før dei i det heile veit om det er oppmeldt studentar som ønskjer eksamen på nynorsk. Noregs Mållag føreslår derfor at regelen bør utformast slik at anten 1) fristen blir sett til t.d. to månader eller ti veker, eller 2) at fristen under ingen omstende går ut før det har gått ei viss tid, til dømes to veker frå oppmeldingsfristen til den aktuelle eksamenen gjekk ut.

Til § 5-3 har vi ingen merknader til det materielle innhaldet.

Noregs Mållag vil òg føye til at vi i det praktiske livet ikkje ser på reglane om vedtak etter § 5-2 og klage etter § 5-3 som særleg viktige. Vi har merka oss at også Kunnskapsdepartementet på side 12 i høyringsnotatet slår fast, i samsvar med vårt inntrykk, at dei fleste feil kjem av manglande etterleving av reglane om skriftspråk i eksamensoppgåver, og at dei ikkje har å gjere med feil i formelle vedtak om unntak frå desse reglane. I det heile kjenner vi knapt nok til tilfelle der det er gjort slike formelle vedtak.

Vi meiner også at det viktigaste som oppfølging av feil i tilknytning til skriftspråk i eksamensoppgåver kan føre til, er bot og betring ved seinare høve, og at lærestadene får på plass gode rutinar som gjer at dei seinare etterlever reglane.

### Oppsummering av dei viktigaste innspela våre

Dei viktigaste innspela frå Noregs Mållag er:

- Det er uheldig dersom ansvaret for å gje og følgje opp reglar som heilt klart har eit språkpolitisk føremål, skal bli overført frå det departementet som har det overordna ansvaret for språkpolitikken, Kultur- og likestillingsdepartementet, til Kunnskapsdepartementet.
- Same kva departement ansvaret for reglane blir liggjande hos, og same kva lov som skal regulere dette, er det sentralt at Språkrådet under alle omstende framleis må ha eit konkret rettleiings- og tilsynsansvar i saker som gjeld desse reglane. Det vil seie at anten må Språkrådet få ein slik lovheimel direkte i språklova eller direkte i universitets- og høgskulelova.
- Terskelen for kva som skal reknast som "særlege grunner" etter § 5-2 andre ledd skal vere høg. Slike vedtak skal berre gjelde for enkeltksamemar og for eitt semester om gongen.
- Når språkorganisasjonar i framtida peiker på feil som statlege universitet og høgskular gjer med skriftspråk i eksamensoppgåver, må det liggje ei forventning om ei grundig og reell sakshandsaming av slike påpeikingar, jf. språklova § 18.
- Kunnskapsdepartementet bør i styringsdokument uttrykkje ei forventning om at statlege universitet og høgskular også gjev studentar kvalifiseringsoppgåver på nynorsk eller bokmål i samsvar med deira egne ønske. Dette er i samsvar med prinsippet som ligg bak universitets- og høgskulelova § 11-5.